



NVE

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 12.01.2026

Vår ref.: 202224744-33 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Ny høyring av søknad om Geitelvi kraftverk i Voss herad, Vestland fylke

NVE har fått inn ein oppdatert søknad frå Njord Energi Holding AS om løyve etter vassressurslova til bygging av Geitelvi kraftverk, samt søknad om løyve etter energilova til å bygge ein om lag 540 meter lang jordkabel for å knytte kraftverket til nettet.

Søknadane har blir no sende på ny høyring med høyringsfrist **25.02.2026**.

Kva blir det søkt om?

NVE har fått inn ein oppdatert søknad frå Njord Energi Holding AS, datert 18.11.2025, om løyve til bygging av Geitelvi kraftverk. Søknaden var fyrst på høyring våren 2025, men i etterkant av høyringsrunden har Njord gjort endringar i planane for tiltaket. NVE sender difor den oppdaterte søknaden på ny høyring til relevante partar. Dei nye planane omfattar i hovudsak endring av trasé for vassveg, plassering av kraftstasjon og tilknytning til nettet. Desse planane blei også presenterte under synfaringa som vart arrangert hausten 2025.

Geitelvi kraftverk vil no nytte eit fall på 272 meter frå inntak på kote 275 til kraftstasjon på kote 3. Vassvegen vil bestå av ein 1700 meter lang tunnel i fjell, og utløpet vil leggst som to nedgravne røyr frå kraftstasjonen ut i Bolstadfjorden. Kraftverket er rekna å ha ein installert effekt på 7 MW med ein årleg middelproduksjon på 19,3 GWh. Søknaden skal handsamast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8.

I tillegg blir det søkt om løyve etter energilova § 3-1 til ein 540 meter lang 22 kV jordkabel fram til ein nettstasjon som er eigd av Tendranett AS.

Oppdatert søknad med vedlegg er lagt ved og ligg tilgjengeleg på NVE si nettside:

www.nve.no/8975/V.

Kva ynskjer me fråsegn om?

NVE ynskjer å få inn synspunkt på dei nye planane som er presenterte i søknaden. NVE ynskjer konkrete synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ eller forslag til avgrensingar i planane. Me ynskjer også grunngjevne forslag til mildnande tiltak som kan redusera

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

eventuelle ulemper ved gjennomføringa av prosjektet. I tillegg ber me om eventuelle kommentarar til om søknaden gjev tilstrekkelege opplysningar om verknadene av tiltaket. Me ynskjer også tilbakemelding dersom de meiner det er andre interessentar som bør få høve til å uttala seg.

Slik sender du inn høyringsfråsegn

Eventuelle kommentarar kan sendast på e-post til nve@nve.no. Merk e-posten med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202224744 i emnefeltet.

Frist for å sende fråsegn er **25.02.2026**

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli refererte i saka. Er høyringsfråsegna lang, oppmodar NVE høyringspartane til sjølv å skrive ein kortfatta konklusjon eller samandrag. Høyringsfråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument blir lagde ut på NVE sine nettsider.

Med helsing

Hanne Tjøflot

førstekonsulent

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

STATENS VEGVESEN
FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV HORDALAND
BANE NOR SF
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE
VOSS HERAD

Kopimottakarliste:

NJORD VANNKRAFT AS - JON OLAV VOLDEN